

Pårørandeskulen si målsetting

- ✓ Gi pårørende auka kunnskap om demenssjukdomar.
- ✓ Gi innsikt i metodar for kommunikasjon og samhandling med personar med demens.
- ✓ Bidra til at pårørende får betre kjennskap til rettigheter og aktuelle lover, og korleis ein får kontakt med hjelpeapparatet.
- ✓ Tilby støtte gjennom å møte andre pårørende som er i same situasjon.

På pårørandeskulen vektlegg vi åpenheit i trygge omgjevnadar. Fortrulige opplysningar som kjem fram, skal forbli mellom deltakarane.

Ta kontakt viss du har behov for avlastning for å kunne delta på kurset. Vi vil prøve å være behjelpelig med det.



Påmelding sendast til:

Demensteamet i Stryn v/Anita Skarstein
Stryn omsorgssenter
Myrane 18
6783 Stryn

PÅRØRANDESKULEN i STRYN KOMMUNE

**Kurs for pårørende
til personar med demens
VINTEREN 2019**



Arrangør: Demensteamet i Stryn Kommune



Kva er pårørandeskulen?

Pårørandeskulen er eit kurstilbod til deg som har eit familiemedlem eller ein nær venn med demenssjukdom. Personen med demens kan bu heime eller på institusjon. Gjennom faglige førelesningar, plenums- og gruppesamtaler får du kunnskap om demens og innsikt i kva fylgjer sjukdommen kan ha for personen med demens, deg som pårørande og øvrig familie. Du treff andre pårørande i same situasjon og fagpersonar med kompetanse på området.

Kva inneheld kurset?

Kurset er lagt opp over 5 samlingar med fylgjande tema:

- ✓ Demenssjukdomane
- ✓ Demens kan vere så mangt
- ✓ Kommunikasjon og samhandling
- ✓ Pårørande fortel om sine erfaringar
- ✓ Aktivitet og mestring. Tenestene i Stryn Kommune

Førelesarar:

Sjukepleier Frode Kvalheim
Alice Vedvik
Johanne Lofnes
Anne Jorunn Brekke
Ergoterapeut Anita Skarstein

Praktiske opplysningar

Stad: Buketten, Stryn Omsorgssenter

Første kurssamling: tysdag 12.03.19

Varighet: I alt 5 samlingar på fylgjande datoar
frå kl.18:30 til 21:00

Mars			April	
12.03	19.03	26.03	02.04	09.04

Påmelding: Innan onsdag 06.03.19

Kursavgift: gratis

For nærmare opplysningar, kontakt:

Namn: Anita Skarstein

Telefon: 57 87 69 33 E-post: anita.skarstein@stryn.kommune.no



Påmeldingsslipp:

Namn: _____

Adresse: _____ Postnr. _____

Telefon: _____ E-post: _____

Kryss av dersom det er behov for avlastning kurskveldane

Er du: Ektefelle/sambuar Barn Sysken Anna.....

Din alder: __ __ år

Personen med demens bur: I eigen heim På institusjon